



Nytt frå Firda vgs april 24



Bilete av denne gjengen frå årets musikal Footloose er ein god illustrasjon for den glede og lette vi har opplevd på Firda i det siste. Som mange sikkert har fått med seg var forslaget til avdelingsdirektøren at ein ikkje skulle starte opp vg1 dans/drama ved Firda komande skuleår. Forslaget har skapt eit enormt engasjement, både her på skulen og elles i fylket. Hovudutval for opplæring og kompetanse har nyleg vedteke at vg1 dans/drama likevel skal vidareførast på Firda. Vi er letta og glad. Vi veit at det er mange foreldre som har engasjert seg i saka. Vi vil takke for all støtte og engasjement for at dette skulle gå vegen

Det er ikkje berre dette forslaget som har ramma skulen denne våren. Det er òg kome forslag om å ta vekk studiespesialiserande som utdanningsprogram både frå Måløy vgs og frå Firda vgs frå skuleåret 2025-2026. Dette er eit forslag som kom veldig overraskande på oss og som eg fryktar vil vere starten på nedbygginga av Firda som sjølvstendig vidaregåande skule.

Vi har jobba for å få til felles uttale frå skulane i Nordfjord. Dette har vore vanskeleg. Striden står om det skal vere ein eller to parallelar studiespesialiserande for å kunne gje eit godt nok tilbod. Ved Firda er det ein parallell. Vi har spurt elevane. Dei er godt fornøgd med tilbodet slik det er i dag.

Vi vil ha fullt fokus på denne saka framover. Det fyrste som skjer er informasjonsmøte på Eid vgs tysdag 30. april kl 18. Det er flott om det blir god oppslutning av elevar og foreldre til elevar på Firda på dette møtet. Høyringsfristen i saka er 20. mai. Her kan alle svare, både enkeltpersonar, organisasjonar og bedrifter. Det vert veldig viktig at mange engasjerer seg i høyringa. Ein kan svare på høyringa ved å gå inn på vlfk.no, vidare på politikk og høyringar. Utfordrar med dette alle til å la seg høyre i saka.

Elles så skjer det mykje på skulen. Nyleg har vg 3 studiespesialiserande vore på tur til Bergen og vg2 idrett har vore i Hoddevika og lært seg surfing.

Denne veka og komande veke er det Firdafestival. Det er musikk, dans og drama som har danseframsyning, teaterframsyning og konsert. Her er det mykje flott og spennande å få med seg, billetter finn de på trivselshagen.no.



The poster for Firda-festivalen 2024 features a vibrant, abstract background with splashes of green, yellow, pink, and blue. In the top left corner is a circular logo for 'FIRDA VGS' with the motto 'MEIR ENN EIN SKULE'. The main title 'Firda-festivalen' is written in large, bold, black letters, with '2024' to its right. Below the title, the text 'musikklina danselina / dramalina' is centered. The poster is divided into a grid of colored boxes: a pink box for 'RESONANS' (framsyning / danselina / fredag 19.04. / klokka 19.00), a red box for 'KLANG!' (konsert / musikklina / onsdag 24.04. / klokka 19.00), and a green box for 'FARGE-SLUKEREN' (teater / dramalina / torsdag 25.04. / fredag 26.04. / klokka 18.00). At the bottom, a yellow box contains 'billetter og info' and the website 'www.trivselshagen.no', and a pink box shows the dates '19. -26. april'. A location pin icon indicates 'Firda vidaregåande skule'.

24.april skal vi markere 10 års jubileum for Gloppen modellen, eit opplæringstiltak der minoritetsspråklege vaksne får fagutdanning slik at dei vert kvalifisert til å søke jobb. Veldig viktig integreringstiltak som har vekt nasjonal interesse.

Det går og mot mai, eksamenstid, og om ikkje så lenge skuleslutt. Det er viktig å lande skuleåret godt. Dersom det er noko vi kan bidra med for å hjelpe ungdomen dykkar til å komme godt gjennom skuleåret, så ta kontakt. Det naturlege kontaktpunktet er enten kontaktlærar eller rådgjevar.

Hjarteleg velkomen på festival!

Som i tidlegare informasjonsskriv tek vi med dei faste aktivitetane ved skulen:

- Gratis frukost – kvar morgon kl. 07.50 – 08.25
- Open skule – måndag, tysdag og onsdag kl. 17-21
- Studiekafe – tysdag kl. 17-19
- Open skule klatring – måndag kl. 19-21
- Volleyball – onsdag kl. 20-21
- Treningssenter – alle dagar i opningstida

Vil elles vise til heimesida vår og til skulen sin podcast «Firdapodden».

Ynskjer alle fine vårdagar!

Helsing Hallgeir Hansen
rektor